

Avtalevilkår Solkonto

GENERELT

Solkonto er ei spesialtilpassa teneste for plusskundar som ønskjer å lagra sitt overskot av produsert straum i eit virtuelt «batteri». Ein kan lagra overskotstraumen frå plusskundeforholdet i Solkonto og ta ut tilsvarende kilowattimar på eit seinare tidspunkt. Vilkåra gjeld for Strøyma sine plusskundar.

PRISAR

Uttak av kilowattimar frå Solkonto gjeld kun overskotet av produsert straum og dermed straumdelen av kundeforholdet. Lokal nettleige og til ei kvar tid gjeldande avgifter kjem i tillegg. Prisen for uttak blir basert på kunden sin straumpris den aktuelle månaden ein ber om uttak frå Solkonto. Strøyma tar atterhald om rett til å innføra ein kostnad på tenesta i framtida.

LAGRING

Overskotsproduksjonen av straum blir lagra i kunden sin Solkonto i kilowattimar. Den kan lagrast i inntil 18 månader. Etter 18 månader blir overskuddsproduksjonen utbetalt til gjeldande månadsmiddelpris frå NordPool.

AVREKNING OG REGLAR VED UTTAK FRÅ SOLKONTO

Kunden kan sjølv velja kva mengde kilowattimar ein vil ta ut frå Solkonto. Uttak kan gjerast direkte av kunde via Strøyma sin app eller Mi Side. Uttak vil koma som fråtrekk på fakturaen for den månaden det er bestilt. Ein kan kun ta ut tidlegare oppspart produksjon og ikkje produksjon i inneverande månad. Uttak kan ikkje overstiga faktisk forbruk. Dersom

det er bestilt uttak frå Solkonto som er større enn faktisk forbruk for gjeldande månad, vil overskytande bli gjort opp mot forbruk på neste faktura.

ENDRING I VILKÅR

Ved endring i vilkår vil endringane bli varsla på sms og/eller epost til kunde 30 dagar før endringa trer i kraft.

AVSLUTNING AV AVTALE ELLER KUNDEFORHOLD

Dersom kunden ikkje lengre ønskjer å spara straum på Solkonto, vil utestående mengde kilowattimar som kunden har på konto bli gjort opp på neste faktura. Deretter vil kunden motta månadleg utbetaling av overskotstraum. Dersom kunden seier opp straumavtalen med Strøyma, vil utestående mengde kilowattimar på konto bli gjort opp på slutfaktura.